

## **REFERAT FRÅ FAU-MØTE BARNETRINNET SAND SKULE TYSDAG 24. JANUAR 2017**

**Desse møtte:** Laila Vikse, Tor Bjarne Smedsrud, Øyvind Berge, Torborg Fossan Steine, Odd Arne Strand, Camilla Vest, Konrad Jårvik, Norunn Nerheim, Morten Aarhus, Alf Rune Håranes, Håkon Nilsen (vara), Linda Dahle og Åsta Bråtveit, inspektør.

**Desse møtte ikkje:** Kathrine Husebø og Siri Helstrup

### **Sak 1: Luseaksjonen.**

Luseaksjonen blir helga 4 – 6 februar.

Dersom informasjon ikkje er vidareformidla til dei andre skulane/barnehagane i dei andre grendene i kommunen, tek Åsta Bråtveit dette vidare. Ho sikrar også at aksjonen vert samkøyrd med barnehagane på Sand. Torborg tek kontakt med Suldalsposten for å informere om aksjonen, og ho har gitt beskjed til apoteket om aksjonen, slik at dei har nok lusemiddel på lager.

### **Sak 2: Skyss for elevane frå Berge/Falkhaug**

Denne saka ligg no hos kommunalsjefen.

### **Sak 3: Trafikksituasjonen ved skulen og på skulevegen.**

Skulen er med på å gå i gong med ein lokal variant av beintøftprogrammet, men ønskjer i tilfelle at FAU ordnar det praktiske. Skulen kan stå for registreringa. Camilla Vest kontaktar Trygg trafikk og høyrer om det er dei som opprinneleg er initiativtakarar for dette opplegget og om dei i tilfelle kan bidra med noko for å få det i gong.

FAU ønskjer å setje fokus på haldningsskapande arbeid, og snakkar då om å arrangera ein sykkel dag. Camilla Vest høyrer med Trygg trafikk på kva dei kan tilby i forbindelse med opplæring i trafiksikkerhet. Det vart diskutert om det var best å gjennomføra ei slik opplæring i eller etter skuletid? Kan det vere aktuelt å bruke friidrettsbanen til arrangementet i tilfelle? Åsta snakkar med Svein Carlos om dette. FAU avventer kva Trygg trafikk seier før vidare planlegging. Det er også aktuelt å høyre med politiet om dei kan bidra, og evt. kombinere det med ein "gjere sykkelklar for sesongen-dag".

### **Sak 4: Stolane til ungane/ ressurstilgongen til skulen.**

Miljøretta helsevern har vurdert bl.a stolane på skulen. Då dette heng saman med ressurstildelinga til skulen som er fredag 27.01. ynskjer rektor å ta dette opp i neste FAUmøte. Han vil då og seia noko om ressurstilgongen til skulen. Her viser det seg at dei 1,5 stillingane ein trudde politkarane no hadde verna, berre er det ut dette året.

### **Sak 5: skulefrukt**

Skulefruktordninga er no innført.

### **Sak 6: Val av foreldrerepresentantar og lærarar som kan reservera seg.**

Svein Carlos har tatt opp denne saka med rektorar frå alle skular, barnehagar og oppvekstsenter i kommunen for felles retningslinjer. Dei kom samrøystes fram til at tilsette ved skulen ikkje skal kunna stå på val som foreldrekontaktar ved den skulen/barnehagen dei er tilsette på.

FAU er ikkje enig i dette. Linda formulerer eit brev som ho sende til FAU medlemmene for vurdering før det vert sendt vidare.

### **Sak 7 : SFO**

Geir Wigestrland har sendt ut spørsmål til foreldrene i barnahagane på Sand om kor mange foreldre som ønskjer sommarope SFO. Dette for å kartleggja behovet. Linda høyrer med kommunalsjefen om kva føringar som finst rundt eit samarbeid om SFO med barnehagane på Sand dersom det er få ungar på SFO. Er det ein mulighet for dei å vera i barnehagen i enkelte periodar? Er det aktuelt å nytta ungdommar som medhjelparar på SFO i feriar?

### **Sak 8: Nettverksbygging i barnehagen**

Saka som vart presentert av Geir Wigestrland sist møte om netteveksbygging i barnehagane før skulestart er no sendt vidare til rektorgruppa for vidare vurdering om kva som kan gjerast.

### **Sak 9: Vaksentettleiken på skulen.**

Skulen blir ramma av reduksjonen i kommunale stillingar, men lærarstillingane er "freda" ut dette kalenderåret. Det er også ei utfordring for skulen med høgt sjukefråvær blant lærarane, men det var lågare sjukefråvær i fjor enn året før. Ei utfordring å skaffe faste og stabile vikarar.

### **Sak 10: Julefesten 2016**

Det var ein del frustrasjon i forkant av julefesten pga utstyr som ikkje var å på plass. Det mangla store gryter, store saftkanner, pølseklyper, nok kaffitraktarar. Noko av utstyret var blitt øydelagt etter at 17 mai komiteen hadde lånt dei og ikkje blitt erstatta. FAU ønskjer at det skal vere ein ansvarleg som har oversikt over kva utstyr som fins og kor det er til ei kvar tid. Med skiftande styrer og komitear vert det vanskeleg å ha ei slik oversikt. Åsta høyrer med kantineansvarleg på skulen om ho kan tenke seg å ta på seg denne oppgåva. Til "gjengjeld" kan FAU bidra med innkjøp av noko utstyr til bruk på større arrangement dersom det er midler til det. Kasserar var ikkje til stades på møtet og me andre hadde ikkje full oversikt over økonomien. Det var og ein frustrasjon at det ikkje var noko skikkeleg mal/referat frå tidlegare julefestar. Noko som gjorde planleggingsarbeidet vanskelegare. Åsta utarbeider ein mal etter opplysningar frå årets julefest. Ho tek og initiativ til eit møte med foreldrerepresentantane i neste års 6.klasse for eit samarbeidsmøte om juletreffesten. Det fungerte elles fint med pølse i brød i staden for graut- ingen negative kommentarar. Ein hadde 3 stasjonar med loddsalg, i tillegg til at loddselgarane gjekk litt rundt blant folk for å selga lodd. Loddsalget fungerte bra. Alle 6 klasse foreldre hadde med kaker (21 stk?), det var nokre kaker til overs. Var det mindre folk dette året enn tidlegare? Skal ein invitere besteforeldre med neste år? Det vil føre til meir loddsalg og matsalg og mange lukkelege besteforeldre 😊

### **Sak 11: Telefon**

Det kan vera svært vanskeleg å få tak i nokon på skulen når ein ringer, dette kan vera frustrerande. Skulen har 70% merkantil stilling. Sekretæren sit likevel ikkje på skulen meir enn 2 – 3 dagar i veka. Skulen oppfordrar til å bruke mail meir, lærarane sjekker mailen på morgonane. Det er for dårleg mobildekning til å setje over fasttelefonen til mobil, og for få tilsette til at ein person kan sitte telefonvakt til ei kvar tid. Åsta tek dette vidare til leiinga ved skulen.

Neste møte: Tysdag 14 februar klokka 19.00

Referent: Torborg Fossan Steine.